

# Moglegheitsstudie - Rv. 5 Sogndal sentrum

Rv. 5 Helgheim - Sogndal hotell



## **Føreord**

Formannskapet i Sogndal kommune har førespurt Statens vegvesen om ei alternativ vegløysing for Rv.5 forbi Sogndal sentrum i samband med arbeid med ny kommuneplan. Det er gjennomført ei moglegheitsanalyse av ei tunnelløysing for Rv. 5 bak Sogndal sentrum. Moglegheitsanalysen vil gjere greie for om det er teknisk og økonomisk mogleg å gjennomføre eit framtidig prosjekt på strekninga.

Moglegheitsanalysen er ei overordna vurdering av prosjektet med konseptuelle løysingar basert på krav i gjeldande handbøker og ei vurdering av naudsynt arealdisponering for prosjektet. Nærmore geotekniske undersøkingar er naudsynte for å avgjere om dei geotekniske føresetnadane er til stades.

## Innhold

<b>Samandrag.....</b>	<b>2</b>
<b>1. Innleiing .....</b>	<b>2</b>
1.1 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET .....	2
1.2 MÅL FOR VEGPROSJEKTET.....	2
<b>2. Eksisterande situasjon .....</b>	<b>2</b>
2.1 PLANOMRÅDET.....	2
2.2 GENERELL GEOLOGI I OMRÅDET .....	3
2.3 MELLOMBELSE TILTAK .....	3
<b>3. Forslag til vegstandard og utforming av veganlegget .....</b>	<b>3</b>
3.1 TRAFIKKMENGDER OG VAL AV VEGSTANDARD.....	3
3.2 KRAV TIL UTFORMING AV VEGANLEGGET .....	4
<b>4. Forslag til løysing.....</b>	<b>5</b>
4.1 VEGELEMENT .....	5
4.2 BANDLEGGING AV AREAL.....	7
4.3 FRÄVIK FRÅ VEGNORMALANE .....	7
4.4 MASSEDISPONERING .....	7
4.5 HMS I ANLEGGSPERIODEN .....	7
4.6 KOSTNAD .....	7
<b>5. Oppsummering.....</b>	<b>7</b>

## Samandrag

Moglegheitsanalysen er ei overordna vurdering av prosjektet med konseptuelle løysingar basert på krav i gjeldande handbøker og ei vurdering av naudsynt arealdisponering for prosjektet. Alternativ vegline bak Sogndal sentrum er på om lag 1300 meter. Veglinja startar i planlagt rundkøyring ved Sogndal hotell. Frå rundkøyringa går vegen som dagline i om lag 135 meter før den deretter går over i ein 275 meter lang lausmassettunnel som startar ved Sogndal Skysstasjon. I øvre Leighgota går vegen over i ein fjelltunnel under Leitevegen og vidare i kurve til tunnelpåhogg ved Solhov. Fjelltunnelen er om lag 650 meter lang. Frå tunnelpåhogg går vegen i dagline i om lag 100 meter til ei planlagt rundkøyring ved eksisterande avkøyrsle til Helgheimsvegen for å få kopla nytt anlegg på eksisterande veganlegg. Alternativ vegkorridor kjem i kontakt med 10–12 bustadhus, ein fleirmannsbustad samt tre bygningar nytt til næring/offentleg. Prosjektet er kostnadsrekna til 725 mill. kr. med nøyaktigheit på ± 40 %.

Nærmore geotekniske og geologiske undersøkingar er naudsynte for å avgjere om dei geofaglege føresetnadane er til stades for gjennomføring av prosjektet.

## 1. Innleiing

Moglegheitsanalysen gjev ei overordna vurdering av ei alternativ vegløysing for riksveg 5 gjennom Gravensteinsgata med tunnel bak Sogndal sentrum med påhoggsområder, fjelloverdekning og eit kostnadsestimat for alternativet.

### 1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Gjennom arbeidet med grunnlaget for arbeidet med Nasjonal transportplan 2022 – 2030 for rute 5c er det skissert løysingar for rv.5 forbi Sogndal sentrum med miljøtunnel under Gravensteinsgata eller omkjøringstunnel mellom Loftesnes og Flugheim. Omkjøringstunnel er vurdert som eit lite aktuelt tiltak innanfor planperioden (2050) sidan løysinga i mindre grad fangar opp trafikken gjennom Sogndal sentrum. Miljøtunnel er vurdert som eit alternativ på lang sikt sidan det vil lette på trafikkavviklinga på rv.5 og betre tilhøva for gåande og syklande i sentrum. Som eit potensielt tredje alternativ er det gjennom dette arbeidet gjennomført ein moglegheitsanalyse for ei kortare tunnelløysing bak Sogndal sentrum som i større grad vil kunne fange opp ein større del av trafikken gjennom Gravensteinsgata og samstundes legge til rette for mjuke trafikantar og sentrumsutvikling.

### 1.2 Mål for vegprosjektet

Løysinga skal sikra godt framkomst på riksvegen og betra tilhøva for gåande og syklande i Sogndal sentrum.

## 2. Eksisterande situasjon

### 2.1 Planområdet

Riksveg 5 går gjennom Sogndal sentrum i Gravensteinsgata. Fartsgrensa er i dag 40 km/t. Tettstaden Sogndal har sentrumsfunksjonar på begge sider av riksvegen. Det gamle sentrum ligg nedanfor rv. 5 i Fjøra og har med anna parkområde, kontor/næring, studenthus, matbutikk, matservering og detaljhandel. På nordsida av vegen er det høg aktivitet med etablert storsenter og kulturhus. Trafikkmengd i 2019 var på om lag 9400 med 15 % lange køyretøy. Ein stor del av trafikken er lokaltrafikk i eller til og frå Sogndal sentrum. Trafikken har toppar på morgen og ettermiddag på kvardagane og laurdagar. Spesielt i desse trafikktoppane kan det vere utfordrande for kryssande

fotgengrar som vidare kan gjere det vanskeleg å få tilrettelagt for eit felles sentrumsmiljø for Fjøra og øvre del av Sogndal sentrum. Trafikkbelastninga medfører også noko støy i Gravensteinsgata. Situasjonen kan også opplevast uoversiktleg for køyrande med mykje aktivitet i området med fem tilrettelagte kryssingar for myjuke trafikantar samt på- og avstigningspunkt for buss.



Figur 1 Oversiktsbilete Sogndal sentrum med punkt for start og stopp for prosjektet

## 2.2 Generell geologi i området

Geologiske vurderinger i området er gjort greie for gjennom notat nr. 51039 – GEOL – 8.

## 2.3 Mellombelse tiltak


Vegalternativet legg opp til ein lausmassettunnel fram til Leighgota/Aarvollvegen. I dette området vil det i byggeperioden bli ei midlertidig open byggegrop som kjem i kontakt med 10–11 bustadhush og eit relativt stort areal av austre del av uteområdet til Trudvang skule. I seinare fasar kan det vurderast i om det er mogleg å tilbakeføre nokre av bustadhusa etter byggetid. Det er i denne fasen ikkje gjort vurderingar av branngrygleik/dimensjonering og omsyn til beredskap/drift og potensiell tilbakeføring av bustadomter. Bandlegging av uteområdet ved Trudvang blir vurdert som midlertidig og føresett tilbakeført etter bygging.

# 3. Forslag til vegstandard og utforming av veganlegg

## 3.1 Trafikkmengder og val av vegstandard

Strekninga gjennom Sogndal sentrum frå rundkjøring ved Stedje til rundkjøring ved Loftesnes har i dag ein årleg gjennomsnittleg døgntrafikk ( $\text{ÅDT}_{2019}$ ) på om lag 9400. Framskrivne  $\text{ÅDT}$  i 2050, basert på fylkesvise framskrivingar av trafikkarbeid nytta i samband med NTP 2022–2033, er om lag ei trafikkmengd på 11 500 med 15 % tunge køyretøy. Sidan ein stor del av strekninga er lokaltrafikk er det vanskeleg å fastsetje framtidig  $\text{ÅDT}$  gjennom skissert tunnelløysing.

Riksveg 5 er ein nasjonal hovudveg og normalstandard for denne vegtype med ÅDT under 6000 er H1-standard med ei fartsgrense på 80 km/t. Aktivitet i området, kryss i motstøytande endar og arealdisponering inntil vegen gjer at fartsgrensa på skissert vegløysing vert dimensjonert etter vegklasse Hø2 og fartsgrense 60 km/t. Dette er i tråd med gjeldande fartsgrensekriterier ([NA-rundskriv 2018/10 Fartsgrensekriterier.pdf](#)) for hovudveg. I tråd med desse skal tilbod for gåande og syklande løysast gjennom alternativt anlegg. Skissert strekning ligg i nærføring til Trudvang skule og ei lågare fartsgrense eller sikringstiltak for å sikre mjuke trafikantar som må krysse vegen i dagsoner må vurderast nærmere.



Figur 2 Tverrprofil Hø2 N100 Veg- og gateutforming


### 3.2 Krav til utforming av veganlegget

#### Kryss og avkjørsler

I tråd med N100 Veg- og gateutforming bør vegar med vegklasse Hø2 og ÅDT over 8 000 vere avkjørselsfrie. For vegar med ÅDT under 8 000 kan eit avgrensa tal avkjørsler tillatast. For riksvegar med H1-standard bør tal avkjørsler avgrensast. Vidare skal det ikkje anleggjast rundkjøringar på hovudveg. Avstand frå tunnelopning til forkjørselsregulerte T- og X- kryss skal vere minst 2 x stoppsikt. Avstand frå tunnelopning til uregulerte kryss eller til vikeline i rundkjøring skal vere minst stoppsikt.

#### Tunnel

For vegstandard Hø2 skal tunnelar utformast med tunnelprofil T9,5 med ei vegbreidd på 7,5 meter.



Figur 3 Tunnelprofil T9,5 N100 Veg- og gateutforming

Krav til linjeføring i tunnel følger det same grunnlaget som linjeføring i dagen. I eit tunnelprofil kan tunnelveggen vere sikthindrande og krav til sikt kan dermed bli dimensjonerande for horisontalkurveradius i tunnelar. Dersom horisontalradius ikkje tilfredsstiller siktkrava skal tunnelbreidda utvidast i innerkurve.

### Gåande og syklande

Løysingar for gåande og syklande bør løysast via lokalt vegnett. Kryssing mellom gang- og/eller sykkelveg og veg bør i tråd med N100 vere planskilt eller signalregulert.

## 4. Forslag til løysing

Veglina startar i planlagt rundkøyring ved Sogndal hotell. Frå rundkøyringa går vegen som dagline i om lag 135 meter før den deretter går over i ein om lag 275 meter lang lausassetunnel som startar ved Sogndal Skysstasjon. I øvre Leighgota går vegen over i ein fjelltunnel under Leitevegen og vidare i kurve til tunnelpåhogg ved Solhov. Fjelltunnelen er om lag 650 meter lang. Frå tunnelpåhogg går vegen i dagline i om lag 100 meter til ei planlagt rundkøyring ved eksisterande avkørsle til Helgheimsvegen for å få kopla nytt anlegg på eksisterande veganlegg.



Figur 4 Forslag til løysing

### 4.1 Vegelement

#### Lausassetunnel

Om lag 135 m etter rundkøyringa ved Sogndal skysstasjon, er det planlagd lausassetunnel i om lag 275 m lengde. Denne vil gradvis falle mot øvre del av Leighgota, der ein sannsynlegvis vil treffe på fjell. Det er ikkje sett på utforminga i detalj, i forhold til dagens terrengr. Truleg vil det vere mogleg og reetablere dagens arealdisponering over lausassetunnel. Under anleggsgjennomføring kan ein forvente byggegrop oppimot 15 meters breidde mellom spuntveggar.

#### Fjelltunnel

Omlag ved profil 435 er det anteke moglegheit for å gå i fjelltunnel. Det er ikkje registrert fjell akkurat her, så det vil vere behov for undersøkingar i dette området. Fjelltunnelen går i ei kurve, før ein

nærmar seg veg i dagen ved Helgheim – her vil det vere ei kontrakurve. Ved Helgheim bør ein også sjekke ut fjelloverdekning i påhoggsområdet. Det er her registrert fjell i dagen, men ikkje kjent om det er mogleg å etablere forskjering ved skissert løysing. Dette vil også medføre ulemper for Navarsetevegen.

Skissert løysing medfører ikkje nødvendig brieddeutvding av tunnelprofilet for sikt. Håndbok V520 Tunnelveiledning tilrar kurve i tunnelendane for å unngå blending og därlege synstilhøve for trafikantar ved tunnelopningane. Ved kryss nær tunnelopning er det spesielt viktig å unngå blending ved utkøring av tunnel. Skissert løysing har relativ rett kurvatur ved tunnelopning i aust ut mot Helgheim. Blending frå sol i aust kan bli ei utfordring, og bør sjåast meir på.

### Kryssløysing Helgheim

Skissert løysing har ein avstand på om lag 95 meter frå tunnelportal og rundkøring, som er plassert ved eksisterande avkjørsle ved Helgheim. Løysinga har ei horisontalkurvatur som gjev ei stoppsikt på 70 meter som er minste avstand mellom tunnelportal og rundkøring. For etablering av T- eller X-kryss må krysset plasserast 140 meter frå tunnelportal, der eksisterande kollektivhaldeplassar no er plassert. Av omsyn til avstandskrav og omkringliggende situasjon er rundkøring vurdert som det gunstigaste alternativet. Det er på dette stadiet ikkje gjennomført geotekniske undersøkingar og moglegheit for fjordfylling ved Helgheim er ikkje vurdert nærmare.

### Anlegg for gåande og syklande

I området ved Helgheim er det i dag etablert gang- og sykkelvegnett på nordsida av rv.5. Gåande- og syklande kan også nyte den nyleg etablerte fjordstien på sørsida.



Figur 5 Eksisterande gang- og sykkelveg ved Helgheim, biletet frå Google.no

Sidan løysinga skal legge opp til planskilt kryssing eller signalregulert kryssing er det planlagt ei påkopling ved planlagt rundkøring og fjordsti på sørsida av vegen ved Helgheim. På nordsida av riksvegen er gang- og sykkelvegen ført over tunnelportal og kan koplast på Navarsetevegen og vidare på planlagt gang- og sykkelvegnett som skal etablerast i Gravensteinsgata ved rundkøringa ved Kulturhuset. Ved Sogndal Hotell vert gåande og syklande ivaretakne ved å kopla gang- og sykkeltrafikk over i planlagt gang- og sykkelanlegg gjennom Gravensteinsgata. I rundkøringa er det skissert kryssing i plan. Dersom dette ikkje er ønskeleg for rv. 5, kan ein trekke gang- og sykkelveg nærmare lausassetunnel og ha kryssing ved denne, over framtidig rv. 5 – dette vil betre avvikla for riksvegen, samt det gir betre og tryggare tilhøve for mjuke trafikantar.

## 4.2 Bandlegging av areal

Alternativ veglinje vil koma i kontakt med 10 – 12 bustadhus, ein fleirmannsbustad, tre bygningar nyttar til offentleg/nærings og austre del av skuleplassen til Trudvang skule. Næringslokalet til Sogn Billag samt 10 – 11 bustadhus, fleirmannsbustad og Sogndal velferdssenter er i kontakt med vegkorridoren fram til Leighgota før lausassetunnelen går over i fjelltunnel i området ved Leighgota/Prestadalen. Ved Helgheim er vegkorridoren lagt gjennom Solhov og vil samstundes kome i kontakt med minst eitt nærliggande bustadhus.

## 4.3 Fråvik frå vegnormalane

Det er i dag tre rundkøyringar, og planlagt for ein fjerde, på strekninga mellom Stedje og Loftesnes. Krav til avstand mellom tunnelopning og kryss gjer at etablering av rundkøring er vurdert som aktuell løysing. Skissert løysing legg då opp til fire rundkøyringar på strekninga, sidan rundkøring ved Kulturhuset ved denne løysinga vil inngå i lokalvegnettet. Vegnormalen legg opp til at det ikkje skal etablerast rundkøring på nasjonal hovudveg og kryssløysing med rundkøring må difor fråvikshandsamast i vegdirektoratet.

Ei alternativ løysing som ikkje krev fråvik er at det ikkje vert tilrettelagt på/avkøring til sentrum eller Helgheimsvegen ved Helgheim. Trafikk til/frå sentrum må ved ei slik løysing gå gjennom tunnelen bak sentrum. Det lyt vurderast om alternativ tilkomst til Helgheim kan etablerast frå fylkesveg 55.

## 4.4 Massedisponering

Løysinga vil føre til ei overskot av massar som må transporterast til deponi. Det vil vere tenleg å få til løysingar som kan utnytte massane i nærområdet for å redusere transportbehovet.

## 4.5 HMS i anleggsperioden

Ei framtidig utbygging vil gå føre seg i sentrumsområdet av Sogndal i open byggegrop og ved transport av store mengder massar. Trafikkregulering, nærføring ved Trudvang skule og midlertidig bandlegging av areal vil vere krevjande og god involvering og planlegging i tidleg fase er naudsynt.

## 4.6 Kostnad

Det er gjennomført ei enkel kostnadsbereking for strekninga. Denne berekninga har stor usikkerheit, sidan detaljeringsgrad på grunnlaget er lågt. Prosjektet er kostnadsrekna til 725 mill. kr.  $\pm$  40 %. Mykje av usikkerheita ligg i geologi/geoteknikk, grunnerverv og låg detaljering.

# 5. Oppsummering

Skissert løysing er på eit konseptuelt nivå og det er naudsynt med avklaringar i vidare planarbeid:

- Linjeføring ved tunnelportal ved Helgheim for å redusere blending
- Kryssløysing og avkøring ved Helgheim. Vurdering av alternativ tilkomst til Helgheim frå fylkesveg 55
- Område for overgang fjelltunnel
- Geotekniske tilhøve for fjordfylling ved Helgheim
- Bandlegging av areal og potensielt tilbakeføring av nokre bustadeigedomar etter bygging



Statens vegvesen

Tlf:  
[firma@vegvesen.no](mailto:firma@vegvesen.no)

[vegvesen.no](http://vegvesen.no)

**Trygt fram sammen**